

## AVGJERD nr. S4

2016/EØS/12/27

av 2. oktober 2009

**om framgangsmåtar for refusjon ved gjennomføring av artikkel 35 og 41 i europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 883/2004**

(2010/C 106/17)(\*)

DEN ADMINISTRATIVE KOMMISSJONEN FOR  
KOORDINERING AV TRYGDEORDNINGAR HAR —

Avgjerda er teken i samsvar med dei vilkåra som er fastsette  
i artikkel 71 nr. 2 i forordning (EF) nr. 883/2004 —

med tilvising til artikkel 72 bokstav a) i europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 883/2004 av 29. april 2004 om koordinering av trygdeordningar<sup>(1)</sup>, der det er fastsett at Den administrative kommisjonen har ansvaret for å handsame alle administrative spørsmål eller tolkingsspørsmål som følgjer av føresegnene i forordning (EF) nr. 883/2004 og europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 987/2009 av 16. september 2009 om fastsettelse av nærmerer regler for gjennomføring av forordning (EF) nr. 883/2004 om koordinering av trygdeordningar<sup>(2)</sup>,

med tilvising til artikkel 35 og 41 i forordning (EF) nr. 883/2004,

med tilvising til artikkel 66–68 i forordning (EF) nr. 987/2009 og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) Utgiftene til naturalytingar som vert gjevne av institusjonen i éin medlemsstat på vegner av institusjonen i ein annan medlemsstat, skal refunderast fullt ut.
- 2) Dersom noko anna ikkje er avtalt, må refusjonane mellom institusjonane gjerast snøgt og effektivt for å hindre ei oppsamling av fordringar som vert verande ubetalte i lengre periodar.
- 3) Ei oppsamling av fordringar vil kunne hindre at fellesskapsordninga fungerer på ein effektiv måte, og setje rettane til einskildpersonar i fare.
- 4) I avgjerd nr. S1<sup>(3)</sup> har Den administrative kommisjonen fastsett at institusjonen på opphaldsstadene skal få refundert utgifter til helsetenester som vert ytte på grunnlag av eit gyldig europeisk helsetrygdkort.
- 5) God praksis som er fastsett i fellesskap, vil kunne medverke til eit snøgt og effektivt refusjonsoppgjer mellom institusjonane.

(\*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT C 106 av 24.4.2010, s. 52, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 133/2011 av 2. desember 2011 om endring av EØS-avtalens vedlegg VI (Trygd), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 15 av 15.3.2012, s. 21.

<sup>(1)</sup> TEU L 166 av 30.4.2004, s. 1.

<sup>(2)</sup> TEU L 284 av 30.10.2009, s. 1.

<sup>(3)</sup> Sjå TEU C 106 av 24.4.2010, s. 23.

TEKE DENNE AVGJERDA:

**A. Refusjon på grunnlag av faktiske utgifter (artikkel 62 i forordning (EF) nr. 987/2009)**

1. Institusjonen som krev refusjon på grunnlag av faktiske utgifter, skal leggje fram fordringa si innan den fristen som er nemnd i artikkel 67 nr. 1 i forordning (EF) nr. 987/2009 (heretter kalla «gjennomføringsforordninga»). Institusjonen som tek imot ei fordring, skal syte for at fordringa vert betalt innan den fristen som er fastsett i artikkel 67 nr. 5 i gjennomføringsforordninga, men før denne fristen så snart som han er i stand til å betale.
2. Fordringar som gjeld refusjon av naturalytingar som er ytte på grunnlag av eit europeisk helsetrygdkort, eit dokument som kjem i staden for eit europeisk helsetrygdkort eller eit anna dokument som gjev rett til ytingar, kan verte avvist og fordringa send tilbake til kreditorinstitusjonen i tilfelle der fordringa til dømes
  - er ufullstendig og/eller ukorrekt utfylt,
  - gjeld ytingar som ikkje er vortne gjevne innanfor tidsrommet då det europeiske helsetrygdkortet eller dokumentet som gjev rett til ytingar, og som vart nytta av mottakaren av ytingane, var gyldig.

Ei fordring kan ikkje avvistast fordi personen ikkje lenger er medlem av trygdeordninga til den institusjonen som har utferda det europeiske helsetrygdkortet eller dokumentet som gjev rett til ytingar, så framti ytingane vart gjevne til mottakaren innanfor tidsrommet då det aktuelle dokumentet var gyldig.

Ein institusjon som har plikt til å refundere utgiftene til ytingar som vert gjevne på grunnlag av eit europeisk helsetrygdkort, kan be om at institusjonen der personen på rett måte var registrert på tidspunktet då ytingane vart tildelte, skal betale utgiftene til desse ytingane tilbake til den første institusjonen, eller dersom personen ikkje hadde rett til å nytte det europeiske helsetrygdkortet, gjere opp saka med den personen som det gjeld.

3. Ein debitorinstitusjon kan ikkje vurdere på nytt om ei fordring oppfyller krava i artikkel 19 og 27 nr. 1 i forordning (EF) nr. 883/2004, med mindre det finst rimelege grunnar til mistanke om misbruk slik det er fastsett i rettspraksisen til Domstolen til Den europeiske unionen<sup>(1)</sup>. Debitorinstitusjonen må difor godta opplysningane om kva fordringa byggjer på, og må refundere fordringa. Dersom det ligg føre mistanke om misbruk, kan debitorinstitusjonen med ei god grunngjeving avvise fordringa, slik det er fastsett i artikkel 67 nr. 5 i gjennomføringsforordninga.
4. Dersom debitorinstitusjonen ved bruken av nr. 2 og 3 tvilar på at ei fordring byggjer på korrekte opplysningar, ligg det på kreditorinstitusjonen å undersøkje om fordringa var utferd på rett måte, og eventuelt trekkje henne tilbake eller gjere ei ny utrekning.
5. Ei fordring som vert lagd fram etter den fristen som er ført opp i artikkel 67 nr. 1 i gjennomføringsforordninga, skal ikkje takast omsyn til.

#### **B. Refusjon på grunnlag av faste summer (artikkel 63 i gjennomføringsforordninga)**

6. Oversikta som er fastsett i artikkel 64 nr. 4 i gjennomføringsforordninga, skal leggjast fram for kontaktorganet i debitorstaten innan utgangen av året etter referanseåret, og fordringane som byggjer på denne oversikta, skal leggjast fram for det same organet så snart som mogleg etter at dei årlege faste summene per person er offentliggjorde i *Tidend for Den europeiske unionen*, men likevel innan den fristen som er fastsett i artikkel 67 nr. 2 i gjennomføringsforordninga.
7. Når det er mogleg, skal kreditorinstitusjonen ved same høve leggje fram for debitorinstitusjonen dei fordringane som gjeld eit visst kalenderår.
8. Debitorinstitusjonen som tek imot ei fordring som gjeld refusjon på grunnlag av faste summer, skal syte for at fordringa vert betalt innan den fristen som er fastsett i artikkel 67 nr. 5 i gjennomføringsforordninga, men før denne fristen så snart som han er i stand til å betale.

9. Ei fordring som vert lagd fram etter den fristen som er ført opp i artikkel 67 nr. 2 i gjennomføringsforordninga, skal ikkje takast omsyn til.
10. Ei fordring som gjeld refusjon på grunnlag av faste summer, kan avvist og sendast tilbake til kreditorinstitusjonen i tilfelle der fordringa til dømes
  - er ufullstendig og/eller ukorrekt utfyllt,
  - viser til eit tidsrom som ikkje er omfatta av registrering på grunnlag av eit gyldig dokument som gjev rett til ytingar.
11. Dersom debitorinstitusjonen tvilar på at ei fordring byggjer på korrekte opplysningar, ligg det på kreditorinstitusjonen å undersøkje om fakturaen vart utferd på rett måte, og eventuelt trekkje han tilbake eller gjere ei ny utrekning.

#### **C. Nedbetalingar i medhald av artikkel 68 i gjennomføringsforordninga**

12. Ved nedbetaling i medhald av artikkel 68 i gjennomføringsforordninga skal summen som skal betalast, fastsetjast separat for fordringar som byggjer på faktiske utgifter (artikkel 67 nr. 1 i gjennomføringsforordninga), og for fordringar som byggjer på faste summer (artikkel 67 nr. 2 i gjennomføringsforordninga).

#### **D. Samarbeid og utveksling av opplysningar**

13. Institusjonane bør syte for at det er eit godt samarbeid dei imellom, og handle på same måte som når dei gjennomfører si eiga lovgjeving.

#### **E. Iverksetjing**

14. Denne avgjerda skal kunngjerast i *Tidend for Den europeiske unionen*. Ho skal nyttast frå datoen då forordning (EF) nr. 987/2009 tek til å gjelde.

Lena MALMBERG

*President for Den administrative kommisjonen*

---

<sup>(1)</sup> Dom av 12. april 2005 i sak C-145/03 Arvingane til Annette Keller mot Instituto Nacional de la Seguridad Social (INSS) og Instituto Nacional de Gestión Sanitaria (Ingesa), samling [2005] s. I-02529.